



**Det er ikkje langt frå det eine høgdepunktet til det andre i kyrkjejubileet. Det knyter seg til dømes spenning til festtala under jubileumsmiddagen i Helgheim, som bortimot 70 har meldt seg på til. Ho vert halden av den nye kyrkjeverjen - islendingen Erlingur Nielsson (52), ein mann som imponerar med sin allsidigheit.**

Han vert kalla Elli og har for lenge sidan fått kjendis-status i vår kommune. Heime på Island var han mellom anna offiser i Frelsesarmeen i 16 år, lærar og tilsett i radio og TV-produksjon. Hausten 2005 kom han til Seimsfoss som kjøpmann. Kona Ann Merethe Jacobsen kjem frå Bodø.

Elli får i den nye jobben ansvar for økonomi og drift av 12 kyrkjer og kyrkjegardar i vår kommune. Han får og personalansvar for 30 tilsette. Han tok til i den nye jobben 1. september. Lokalt har han mellom anna vore president i Lions.

Tekst og foto: Kvinnheringen og Ola Matti Mathisen  
Nett: Ola Matti Mathisen